

Eldrerådet har følgjande innspel til budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030

Endringa i befolkningssamansettinga føreset at kommunen prioriterer helse og velferdstenestene dei neste tiåra. Eldrerådet vil på den bakgrunn gje følgjande innspel:

1. Eldrerådet vil tilrå følgjande konkrete omstillingar i organisasjonen som følgje av den demografiske utviklinga;

- Følgje opp Helsepersonellkommisjonen sin rapport "Tid for handling" som gjev tydelege signal om behov for omstillingsprosessar for å ha nok personell til å utføra framtidige oppgåvene. Stikkorda er heiltidskultur, fleksibel tenesteyting på tvers av einingar, ny oppgåvedeling og anna kompetanse for berekraftige tenester i åra som kjem basert på føreliggjande rapport om evaluering av drifta i Helse og Velferd Øygarden kommune gjennomført av PwC Consulting i 2023.
- Utvida omfanget av velferdsteknologi i heimetenestene for at eldre og menneske med nedsett funksjonshemming kan bu livet ut i eiga heim dersom det er eit ynskje.
- Få på plass fleksibel avlastning i heimane med «husmorvikarordning for eldre».
- Prøve ut eit prosjekt med «sjukehus heim» i eit digitalt samarbeid med helseføretaka for å kunne yte spesialisttenester for heimebuande eldre som ikkje er mobile.
- Vurdere å organisere dei kommunale helseinstitusjonane i eit eller fleire føretak/aksjeselskap for gi større friheit til å drive verksemd på ein meir forretningsmessig måte og betre moglegheit for å tilpasse krav og behov.

2. Eldrerådet vil tilrå at det ikkje vert kutta i investeringane som omhandlar dei eldre i kommunen.

3. Eldrerådet vil tilrå at det vert satsa på eit fleirfunksjonelt kulturbygg på Stovevatne i samband med utbygging av ny vidaregåande skule.

4. Eldrerådet tilrår følgjande endringar i driftsbudsjettet

- Styrke heimeteneste med nye stillingar
- Etablere nye heildøgn avlastningsplassar
- Brukarbetaling for tryggleiksalarmar for personar med inntekt under 2 G skal framleis vera gratis
- Opprette fleire dagplassar og økt aktivitet ved delsentra
- Heimebuande eldre må få tilbod om varm mat ein gong i døgnet
- Yte datahjelp til eldre for å kunne tilpasse seg den digitale utviklinga
- Organisere kommunal transportordning for eldre
- Betalingssatsane for heimehjelp må ikkje auke utover forventa prisstigning.
- Leggje til rette for å kunne nytte vikarmidlar til å styrke bemanninga i einingar som slit med å få tak nok personale til forsvarleg drift av tenestene.
- Vurdere å etablere eit lokalt utdanningstilbod for å rekruttere og behalde helsepersonell.
- Syte for kontinuitet av helsepersonell i heimetenestene.
- Innføre gratis 1. tannlege time ved vurdering av hjelpebehov for eldre og mennesket med nedsett funksjonsevne.
- Samordne innsatsteam og bruk av velferdsteknologi.
- Utvide ny sjukeheim på Straume med relevante helsetilbod samlokalisert med eksisterande bygningsmasse i Helselandsbyen.

